



Bergen Ungdom storband

Dato: 20.11.2015  
Vår ref.: 2015/9488-12  
Saksbehandlar: astrydl  
Dykkar ref.:

## Underretning om vedtak - Kulturkortpotten 2015

Vi viser til søknaden Dykkar om tilskot frå Kulturkortpotten 2015.

Hordaland fylkeskommune, Utval for kultur, idrett og regional utvikling, handsama søknaden i møte 11. november d.å. Dykkar søknad vart diverre gitt avslag. Årsak til dette er at de ikkje har samarbeidsavtale med Hordaland fylkeskommune om kulturkortordninga, hvilket er eit krav i denne tilskotsordninga.

### Grunngjeving:

For heile 2015 er det 150 000 kroner til fordeling. På dette møtet vart det fordelt 150 000 kroner. Det var kome inn 7 søknader, med ein samla søkjesum på 215 000 kroner.

For saksframlegg og vedtak, sjå Utval for kultur, idrett og regional utvikling sitt [vedtak i sak 179/2015](#).

For nærare grunngjeving: [Grunngjeving](#)

### Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklaga vedtaket innan ein frist på tre veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over og årsaka til at det vert klaga. Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Per Morten Ekerhovd  
konst. fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny B. Skaar  
utviklingssjef/seksjonsleiar

Sakshandsamar: Marianne Ose Askvik, Tone Stedal Haugland

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*